

Tysnes sokneråd  
5680 Tysnes

30.10.2006

del 552

Kultur- og kirkedep.	
FI	
Saksnummer: 200606/09	Dato: 17/10/06
U: 301	Post

Kultur- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep.  
0030 OSLO

e-post: post.kirkeradet@kirken.no

## **NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING**

Saka vart handsama i møte i Tysnes sokneråd 30.10.06, sak 25/06.

Tysnes sokneråd består av 6 medlemmar, 1 varamedlem og 1 prest.

- ./ Vedlagt følgjer utfylt spørjeskjema: Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene.

På spørsmålet om Den norske kyrkja som statskyrkje har Tysnes sokneråd eit delt syn:

- 3 røysta for at ordninga med statskyrkje bør halde fram som i dag, som ei grunnlovsforankra folkekyrkje.
- 4 røysta for at at ordninga med statskyrkje bør avviklast, og at den går over til ei lovforankra folkekyrkje.

På spørsmålet om kva overordna prinsipp som bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken vart også svaret delt.

For dei 4 medlemmane som røysta for ei avvikling av statskyrkja er desse 3 punkta viktige:

1. Jamstelling mellom trus og livssynssamfunn i Noreg.
2. Trus- og livssynssamfunna (inkl. Den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld leiarskap og lære.
3. Ein aktiv støttande og statleg religionspolitikk.

Soknerådet la til grunn høyringsfråsegna frå Bjørgvin bispedømeråd då vi drøfta saka, og fleirtalet med 4 røyster vil slutte seg til den.

For heile soknerådet var det eit viktig moment at uansett prosess ønskte ein ei endå betre kyrkje framover, og det beste for kyrkja.

Kyrkjeordninga handlar om det åndelege ansvaret i kyrkja.

Soknerådet ønskjer ei utvikling i kyrkja, og endring er ofte nødvendig for å få til ei utvikling.

Moment som er viktige for soknerådet:

- det er viktig å styrke den kristne kulturen i samfunnet.
- ein er bekymra for avkristninga som ein ser i landet.
- ein er bekymra for at det er mindre kristendomsundervisning i skulen.
- ein ønskjer å styrke trusopplæringa blant born og unge.
- det er viktig at demokratiske prosessar i kyrkja må halde fram.
- det har vore ei positiv utvikling innafor kyrkja dei siste 20 åra, og denne utviklinga ønskjer ein skal halde fram.
- det vert stilt spørsmål om folk har råd til å betale for eit evt. medlemskap?
- ein spør om det greitt å ha ei favorisert kyrkje i dag? Andre land, t.d. Sverige, har skilt stat-kyrkje for fleire år sidan. Det er unikt at kyrkja ikkje kan utnemne sin eigne biskopar.
- tida er moden for ei endring, meiner nokon, andre meiner ordninga bør vere slik den er i dag. Dei som ønskjer å halde fram med noverande ordning stiller spørsmål om kva som er gale med denne ordninga?
- det er viktig med fokus på at kyrkja er til for heile folket.

Med venleg helsing for  
Tysnes sokneråd



Hildur Heie  
leiar

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Tysnes sokneråd, den 30.10.2006

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

På dette spørsmålet var soknerådet delt i sitt svar.

Fleirtallet, med 4 røyster, som legg til grunn at Den norske kyrkja som statskyrkje bør avviklast, grunngjev svaret slik:

1. Jamstelling mellom trus- og livssynssamfunn.
2. Trus- og livssynssamfunna (inkl. Den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld leiarskap og lære.
3. Ein aktiv støttande og statleg religionspolitikk.

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette (3 røyster)
- Bør avvikles (4 røyster)
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven (3 røyster)
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget (4 røyster)
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag  
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg  
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene  
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget  
 Det humanistiske verdigrunnlaget  
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)  
 Kommunen  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret  
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare